

## Nora Gjerde

---

**Fra:** Nora Gjerde  
**Sendt:** 26. mars 2013 07:45  
**Til:** Nora Gjerde  
**Emne:** VS: Tilbakemelding i sak 2013/436, 2013/437 og 2011/1125

---

**Fra:** Tove Leknes Eide [mailto:tove.eide@uni.no]  
**Sendt:** 25. mars 2013 10:50  
**Til:** Siril Sylta; Postmottak Lindås  
**Emne:** Re: Tilbakemelding i sak 2013/436, 2013/437 og 2011/1125

Hei igjen og takk for tilbakemelding.

Me vil så snart påsken er over ta kontakt med ein ansvarleg entreprenør for å få hjelp til å komma vidare i saka vår. Referanse 2011/1125 - 6595/2013. Sidan me overtok denne eigendommen i april 2011, berre vel ein måned før første brev ang.klage på mur har me sendt alle papira i saka vidare til eierskifteforsikring og må avvente svar derifrå.

Mvh  
Tove Leiknes Eide og Frode Eide

Sendt fra min iPad

Den 20. mars 2013 kl. 12:51 skrev Siril Sylta <[Siril.Sylta@lindas.kommune.no](mailto:Siril.Sylta@lindas.kommune.no)>:

Hei.

Det vert vist til kontakt pr. e-post og telefon frå Dykk alle i samband med vårt brev sendt datert 12.03.2013.

Tilbakemeldinga frå kommunen når det gjeld saka vidare, er at det ikkje er aktuelt å ha møte/synfaring i sakene før det ligg føre konkrete søknadar til utbetringar / endringar. Dette med bakgrunn i at kommunen ikkje kan delta eller foreta prosjektering av tiltaka, da ein vil bli ugild til å sakshandsame søknaden.

De må kontakta eit ansvarleg føretak for eksempel. byggteknisk konsulent/ arkitekt / plankonsulent som har den nødvendige kompetanse til å utforme tilfredstillande løysing for eige eigedom etter gjeldande regelverk og vegnormalar og som kan stå ansvarleg i ein søknadsprosess.

Om eigarane av dei 3 eigedomane finn det praktisk å nytte same fima for å finna fram til ein best mogleg totalløysing kan det gjerast. Sjølve søknaden må imidlertid sendast inn enkeltvis for kvar eigedom.

*Med helsing*

*Siril T. Sylta  
Rådgjevar  
Byggesak  
Areal- og miljøeininga  
Lindås kommune*

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	137/564
26. 03. 2013	
Ark. saksnr.	Løpenr.
2011/1125	
Saksli.	Tilgangskode
LISISY	